

Møteprotokoll

Kommunestyret



Møtedato: 18.06.2009 Tid: 14:00 – 18:00

Møtestad: Kommunestyresalen
Møte vart leia av Liv Kari Eskeland

Til stades:

Namn	Funksjon	Representerer
Aud Berit Alsaker Haynes til 16.45 – ikkje sak 51-53/09	Medlem	AP
Henny Førland Berger	Medlem	AP
Andreas Larsen	Medlem	AP
Tordis Nysæter	Medlem	AP
Christian Danmo	Medlem	AP
Katrin Innvær Ankervold	Medlem	AP
Amram Hadida	Medlem	AP
Fredrik Litleskare	Medlem	D
Thor Gunnar Bjelland	Medlem	FRP
Carl Van der Hagen	Medlem	FRP
Anne Kristin Koppang	Medlem	FRP
Hilde Iren Onarheim	Medlem	FRP
Per Otto Årland	Medlem	FRP
Liv Kari Eskeland	Leder	H
Kristoffer Valland	Medlem	H
Aslaug Kindem	Medlem	H
Leif-Steinar Alfsvåg	Nestleder	KRF
Britt Kristin Ladehaug	Medlem	KRF
Oskar Emil Langeland	Medlem	KRF
Jakob Bjelland ugild sak 50/09	Medlem	SP
Oddvard Rommetveit	Medlem	SP
Johannes Kristian Landmark	Medlem	SP
Omar Zahl Pettersen	Medlem	SV
Bjørg Brattetaule	Medlem	SV
Kåre Løkhammer	Medlem	V
Peggy Husevik Bærøy	Medlem	V

Namn	Møtte for
Roy Sverre Amundsen, AP til kl. 16.45 – ikkje sak 51-53/09	Jan Leivestad, AP
Egil Eide, D	David Stutlien, D
Sigbjørn Framnes, FRP	Odd Martin Myhre, FRP
Lars Åge Myhre, H	Åshild Bjelland Eriksen, H
Grethe Helene Søyland, H	Jan Arild Nesse, H
Anna Almås Myhre, H	Dag Vidar Vatne Nordhus, H
Ola Malvin Lomheim, KRF frå kl. 14.15 – ikkje sak 48/09	Knut Arve Nordfonn, KRF
Tove Garli, SV	Nils Magne Blålid, SV
Jorunn Kristine Fylkesnes, V	Astrid Larsen, V
Silje Vatna, SP sak 50/09	Jakob Bjelland, SP

Me stadfester med våre underskrifter at møteprotokollen er ført i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Magnus Mjør	Rådmann
Reidun Myklebust	Kommunalsjef
Knut Gram	Kommunalsjef
Magne Rommetveit	Kommunalsjef
Martin Dahle	Konsulent
Jarle Nakken	Økonomisjef

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Merk dykk – Som følgje av KST sitt vedtak om pensjonsutgreiing må kommunestyremøtet 17.09. flyttast ei veke fram til 10.09.

Stord, 19.06.2009

Marit Annie Åkra
møtesekretær

ORIENTERING:

Birte Rørvik frå Deloitte orienterte i samband med saka
51/09 – Forvaltningsrevisjon av sjukefråvær innan pleie omsorg - revisjonsrapport

PS 48/09 Referat og meldingar - kst 2009

1. Godkjenning av møteboka frå 11.06.2009

Handsaming

Samrøystes godkjenne (34 røyster)

PS 49/09 Budsjettrevisjon 1 halvår med økonomirapport

Vedtak

1. Kommunestyret vedtek endringar i driftsbudsjettet for 2009 i samsvar med det som går fram av saksutgreiinga.

Kommunestyret vedtek å dekka inn kr 475 000 av akkumulert driftsunderskot for 2007 og 2008 over driftsbudsjettet for 2009. Resterande underskot, kr 14 607 773, vert å dekka inn over driftsbudsjettet for 2010.

2. Kommunestyret vedtek endringar i investeringsbudsjettet for 2009:
Opptak av startlån for vidarelån kr 10 000 000
Opptak av lån til fullfinansiering av Nordbygda ungdomsskule kr 10 500 000
Opptak av lån i Husbanken til finansiering av husvære vanskelegstilte k. 659 000
3. Kommunestyret vil styrke Sunnhordland interkommunale barnevern med to årsverk på vilkår av at samarbeidskommunane Bømlo og Fitjar deltek i opptrappinga. Alternativt vil Stord kommune nytta tilleggsløyvinga til tiltak innanfor eigen kommune.
4. Kommunestyret godkjenner at det vert oppretta stilling som plan- og utviklingskonsulent i Stord kommune f.o.m. 1. januar 2010.
5. Kommunestyret sluttar seg til prinsippa for fordeling av budsjetttramme for perioden 01.07 – 31.12. 2009 til føretaka slik det er skissert i saksframlegget
6. Einingsinndeling ikkje nådd – innsparing kr 500 000,-
Opprettning av klassar – meirkostnad kr 500 000,-

Det skal opprettast ein ekstra klasse følgjande stader:

1. trinn Rommetveit skule	235 000,-
1. trinn Leirvik skule	235 000
8. trinn Stord ungd. skule	<u>330 000,-</u> 800 000,-

Budsjettreserven på 300 000,- som i saksinnstillinga er delt på Rommetveit og Leirvik går inn i finansieringa av dei ekstra klassane.

7. Kommunestyret ber rådmannen sette i gang utgreiingsarbeid med siktemål på å få realisering av eiga pensjonskasse 01.01.2010.

Inndekning av akkumulert driftsoverskot vert redusert frå 475 000 til 225 000.

8. Kommunestyret ønskjer å prioritera oppstarten av eit aktivitetssenter/nærmiljø tiltak ved Sagvåg skule hausten 09.
Stipulert kostnad 615 281,-

Kommunen sin del finansierast ved bruk av gjenståande løyving i skulebruksplan kr 315 000 og spelemidlar kr 200 000

Handsaming:

- Punkt 1-6 Samrøystes vedteke
Punkt 7 vedteke med 24 mot 11 røyster
Punkt 8 Vedteke med 30 mot 5 røyster

Kristoffer Valland, H kom med framlegg til nytt punkt 7, slik det ligg føre i vedtaket.

Katrin Ankervold, Ap kom med framlegg om nytt punkt 8, slik det ligg føre i vedtaket.

Katrin Ankervold, Ap kom med følgjande framlegg:

Tillegg til pkt 6:

Det vert i tillegg oppretta ekstra klasse i 5. klasse ved Hystad skule.

Erfaringsmessig veit me at små klassar gjer mindre behov for spesial undervisning. Med klassedelinga av klassane i punkt seks vil det medføre mindre kassar for eit Stord antal med elevar. Ut i frå dette kan kommunestyret gje sin tilslutning til å opprette tredje klassen på Hystad skule. Kommunestyret vil finansiere klassedelinga innanfor eksisterande rammer i form av redusert behov til spesialpedagogiske timer i løpet av skuleåret 2009/2010.

Framlegget fall med 18 mot 17 røyster

PS 50/09 Kommunedelplan med konsekvensutgreiing for RV 544 ferjesambandet Stord - Kvinnherad. Lokalisering av ferjeleie på Stord

Vedtak

1. Stord kommunestyre meiner at Sævarhagsvikjo, Jektevik og Kvernaneset (alt. 2, 3 og 4), ikkje er aktuelle som lokalisering av nytt ferjeleie, .som inneber at Skjersholmane og område nord for Djupavikneset vidare vert vurdert som framtidig ferjeleie på Stord-sida.
2. Stord kommunestyre ber om at Statens vegvesen utfører tilleggsutgreiingar av alternativ 1 – Djupavika, (området nord for Djupavikneset) der plasseringa vert sett i samanheng med planarbeidet for ny trafikkloysing for E 39 Heiane – Ådland og tilkomst til Leirvik sentrum samt at det vert sett på alternativ som er skånsam mot strandsona.
3. Kommunestyret føreset at tilførselsveg til ferjeleiet kan takast i bruk samstundes med ferjeleiet.
4. Det må i utgreiinga leggjast til grunn bruk av moderne, hurtige og miljøvenlege ferjer.
5. Stord kommune ber om at Statens vegvesen parallelt gjennomfører planarbeid for plassering av ferjeleiet på Kvinnheradssida.
6. Stord kommune vil arbeide for å betra snøggbåt - trafikktilbodet i Sunnhordland -bassenget. Samrøystes

Handsaming

Habilitet:

Jakob Bjelland, Sp stilte spørsmål om habilitet og forlét plassen. Jakob Bjelland vart samrøystes kjent ugild i saka, fvl § 6, og vara tok plass.

Punkt 1 – 5 Vedteke med 25 mot 10 røyster. Mindretallet røysta for framlegget til Frp og Sv.
Punkt 6 Samrøystes vedteke

H, Krf, Sp, V og D kom med nytt framlegg til punkt 1 – 5, slik det ligg føre i vedtaket.

Frp og Sv kom med framlegg til punkt 6, slik det ligg føre i vedtak.

Frp og Sv kom med følgjande framlegg til vedtak:
Kommunestyret vedtek Skjersholmane som lendingsplass på Stord sida.

PS 51/09 Forvaltningsrevisjon av sjukefråvær innan pleie og omsorg - revisjonsrapport

Vedtak

1. Kommunestyret ber rådmann syta for:

- o At det vert utarbeida realistiske og konkrete mål for sjukefråværet i einingane innan pleie og omsorg.
 - o Systematisk kartlegging av årsaker til sjukefråvær og set dei i samanheng med tiltak.
 - o At det vert oppretthelde fokus på eit godt og inkluderande arbeidsmiljø i alle einingane.
 - o Sikring av at kommunen har naudsynt kapasitet til arbeidet med HMT, og syte for at det er tydleg ansvarsdeling mellom administrasjonen og einings- og avdelingsleiarane.
 - o Sikring av at retningsliner for kva krav Stord kommune set til oppfølgingsplan og gjennomføring av dialogmøte, er tydelege. Vidare må det sikrast at rutinane for dialogmøte og oppfølgingsplan vert følgt i praksis.
 - o Sikring av at rutinane for avviksregistrering vert følgt opp av alle tilsette.
 - o At det vert gjennomført risikoanalysar innan pleie og omsorgssektoren med tanke på risiko for sjukefråvær.
 - o Sikring av at det blir gjennomført tilstrekkeleg med arbeidsplassvurderingar og tilrettelegging på arbeidsplassen i dei heimebaserte tenestene.
 - o At det vert gjort ei vurdering av om den samla grunnbemannninga og vikartilgangen er tilstrekkeleg til å sikre forsvarleg drift og for å sikre dei tilsette eit godt arbeidsmiljø.
 - o Sikring av at vikarar får naudsynt opplæring i forhold til dei oppgåvane dei får ansvar for.
 - o Skaffar seg oversyn over kor mykje pengar dei tapar på å ikkje å søke NAV om refusjon av honorar til bedriftshelsetenesta, og om teneleg, sette i verk tiltak for å sikre at det vert søkt om refusjon.
2. Einingsleiarar, avd. leiarar, etterlever føringane gitt i Arbeidsmiljøloven vedrørande IK-Forskriften, samt krav til gjennomføring av oppfølgingssamtalen for (langtids) sjukemeldte.
3. Arbeidsmiljøutvalet, driftsstyret og Komité for rehabilitering, helse og omsorg føl opp og rapporterer til kommunestyret.

Handsaming

Samrøystes vedteke (33 røyster)

Fredrik Litleskare, D kom med framlegg

Einingsleiarar, avd. leiarar, etterlever føringane gitt i Arbeidsmiljøloven vedrørande IK-Forskriften samt krav til gjennomføring av oppfølgingssamtalen for (langtids) sjukemeldte.

PS 52/09 Sunnhordland Lufthavn AS - Styrking av eigenkapitalen 2009

Vedtak:

1. Stord kommunestyre gjev Sunnhordland lufthavn AS eit ansvarleg lån av kraftsalfondet på kr 4 500 000.
2. Kommunestyret ber om å få ein ny gjennomgang i løpet av hausten for å sikra lufthamnselskapet positiv eigenkapital til selskapet i 2010 kjem over på ordning med statleg driftstilskot.
3. Ordførar og rådmann får i oppdrag å forhandla fram ei leigeavtale mellom kommunen og SHL. Avtala skal godkjennast av formannskapet.
4. Ordførar og rådmann får fullmakt til å foreta nødvendige forhandlingar for å få på plass ei organisering som sikrar flydrift fram til 2010
 - Selskapsorganisering
 - Selskapsstruktur
 - Eigarforhold
 - Administrering

Avtalen blir lagt fram for formannskapet for godkjenning.

Handsaming

Habilitet:

Før handsaming av saka stilte Lars Åge Myhre, H spørsmål om habilitet og trakk seg til sides. Kommunestyret vedtok samrøystes at han var habil, fvl § 6.

Vekteke 28 mot 5 røyster.

PROTOKOLLTILFØRSEL frå Fredrik Litleskare, D:

"Demokratene i Stord kommunestyre finner det bemerkelsesverdig at man ikkje har fått regnskapet for året 2008 for lufthavna før man behandler sak om lån til videre drift av Sunnhordland Lufthamn AS".

PS 53/09 Val av styremedlemer til kommunale foretak

Vedtak:

1. Kommunestyret vel i samsvar med valnemnda si innstilling følgjande 4 medlemer til styret for Stord vatn og avløp KF med varamedlemer i rekkefølge:

Styremedlemer: Malvin Handeland – leiar
Jarle Myklebust
Aud Litlabø
Hege Økland

Varamedlemer: Lars Åge Myhre
Johannes Njøsen
Stein Birger Lekven

2. Kommunestyret vel i samsvar med valnemnda si innstilling følgjande 4 medlemer til styret for Stord kommunale eigedom KF med varamedlemer i rekkefølge:

Styremedlemer: Arne Engevik – leiar
Kirsten Bakken
Håvard Framnes
Anna Birgitte Bore

Varamedlemer: Steinar Røgenes
Lene Holm Grasdal
Jan Reinemo

Handsaming

Samrøystes vedteke

Leif-Steina Alfsvåg, leiar av valnemnda, kom med nytt framlegg på styrekandidat og varamedlem i Stord kommunale eigedom KF:

Anna Birgitte Bore i staden for Charlotte Hageberg
Lene Holm Grasdal som 2. vara i staden for Anna Birgitte Bore.

Tordis Nysæter, Ap kom med framlegg om Gro Bommen som 2. varamedlem.
Framlegget fekk 10 røyster.